

## Innspel til ny kulturminnemelding frå musea i Oppland og Hedmark/Museumsforum Innlandet

*Vi var til stades på innspelskonferansen på Lillehammer 18. desember med to innlegg, frå hhv. Stig Hoset og Torveig Dahl. Her sender vi skriftleg dei tilrådingane vi kom med på dette møtet, og litt meir. Musea kan og sende inn fråsegner frå sine respektive museum, men her kjem det vi meiner er viktigast samla sett frå musea i Innlandet: Anno museum, Valdresmusea, Randsfjordsmuseet, Mjøsmuseet, Lillehammer Museum og Gudbrandsdalsmusea.<sup>1</sup>*

### 1 Musea som samfunnsaktørar

Musea er sentrale samfunnsaktørar i arbeidet med kulturminne: **dokumentasjon, forskning, formidling, forvaltning og fornying**. Arbeidet både eige anlegg og innanfor dei geografiske ansvarsområda musea inngår i.

Musea er med i eit godt samspel med andre aktørar som har **ulike roller** i arbeidet med bevaring og vidareføring av kulturarven i Innlandet. Musea arbeider lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Det er enda ingen museumslov. Musea arbeider i skjeringspunktet mellom andre lovverk, eigne vedtekter og nasjonale/internasjonale føringar. Stortingsmeldingar og internasjonale konvensjonar er døme på overordna styringssignal musea må forhalde seg til.

*Vi meiner at ei kulturminnemelding må leggja vekt på ulik fagleg spisskompetanse (inkl. ulike tradisjonar) og samspelet mellom ulike aktørar, museum, organisasjonar, næringsliv, reiseliv, private eigarar og ulike nivå innanfor offentleg forvaltning. Målet med ei kulturminnemelding må vera å samordne alle gode krefter til beste for **bevaring og utvikling av felles kulturminne, felles tradisjonar**.*

### 2 Materiell og immateriell kulturarv

Materiell og immateriell kulturarv er sjølve kjernen i alt museumsarbeid. Musea driv ikkje berre med forskning og dokumentasjon av materielle uttrykk og immaterielle praksisar. Men er og i mange høve utøvarar av den same tradisjonen. Slik står musea i ein særskilt kunnskapstradisjon som kulturminne-sektoren ofte nyter godt av. Arbeidet med handverkstradisjonar er eit godt døme på dette.

Arbeidet med immateriell kultur er på mange måtar ei kontekstualisering av den materielle kulturen. Eit døme: *setra* er interessant som bygningstype og vedlikehald av denne bygningsmassa er viktig. Men like viktig er kunnskapen i og om gjenstandar i bruk, om seterkvea og kyrne som heim frå beite, om song og lokk og tida saman med dyra, om lyden av separatoren og lukta av ystepanna, kva for rekkjefylgje av kyrne steller seg i på veg inn i fjøset, om møkkkluka i veggen og gummistøvlane på trammen, om mjølkekjøling i bekken og hesjing på kvea. Dette er konteksten som gjev liv, også til arbeidet med dei materielle minna.

Det er dei mange små fasettane som til saman gjer ein viktig heilskap i kvardagen – dette er det vi dokumenterer, samlar inn, forvaltar, forskar og formidlar og i godt samspel med t.d. frivillige.

*Ei kulturminnemelding må få fram samanhengane i arbeidet med kulturminne for både materielle og immaterielle uttrykk og leggja betre til rette for meir arbeid for vår kulturarv.*

<sup>1</sup> Grunna ulike språkformer i musea og med fleire bidragsytarar er denne fråsegna skrivi hhv., på bokmål og nynorsk.

### 3 Bygningsvernrådsgjevar ved musea

---

Dette er ei ordning i Oppland som er utvikla og drifta i godt samspel med fylkeskommunen, Riksantikvaren og regionmusea. Ordninga utgjer eit **verdfullt nettverk med god lokal forankring og høg tillit til dei private huseigarane**.

Kvart regionmuseum har 1 bygningsvernrådsgjevar som yter **1 gratis dagsverk** til ulike eigarar av verneverdige bygningar/anlegg. Rådsgjevarane er «kulturminna sin ambassadør» i lokalsamfunnet, dei skriv rapportar for huseigarane og kjem med anbefalingar til fylkeskommune og kommunane. Dei fylgjer opp saker, er med på befaringar med RA, Kulturminnefondet, fylkeskommunen, kommunen og eigarane og dei tek på seg oppdrag, da til ein normal timesats.

Arbeidet til bygningsvernrådsgjevarane tilfører store ressursar til lokalsamfunna og huseigarane i form av tilskott til verneverdige hus , frå fond, stiftingar og legat. Dette skapar arbeid for handverkarar og byggebransje med underleverandørar. Slik får bransjen eit større mangfald og ein meir variert materialtilgang. Dette er verdiskaping på sitt beste.

Før jul 2018 kom evalueringsrapporten frå denne ordninga i Oppland frå NIKU, på oppdrag frå Riksantikvaren. Rapporten er eintydig positiv og syner dei store ringverknadene som ordninga har hatt.

*Ei kulturminnemelding bør legga til rette for slike/liknande ordningar i alle fylkeskommunar – særleg sentral nå med ny oppgavefordeling. Anno museum som saman med musea i Oppland frå 1.1.2020 blir til Innlandet fylke, ynskjer å få etablert same ordninga som ein har i Oppland. Dette kan såleis bli ei prøveordning for ein større region, om KMD ynskjer dette.*

### 4 Videreføre bevaringsprogrammene hos Riksantikvaren/fylkeskommunene

---

I regi av Riksantikvaren har det vært gjennomført en rekke bevaringsprogrammer som ruinprosjektet, stavkirkeprosjektet, teknisk-industrielle kulturminner osv. Flere av programmene er gjennomført, mens andre har et mål om fullføring i 2020. Målet har vært å heve vedlikeholdet til et definert nivå. Generelt stiller klimaendringer nye krav til vedlikehold av tre, mur og tekniske innretninger. Dette gjelder både fagkompetanse til vedlikeholdets utførelse og til omfanget av vedlikeholdsobjekter.

*Vi håper den kommende kulturminnemeldinga sørger for at bevaringsprogrammene evalueres, videreføres og tilpasses de nye klimautfordringene, særlig for trebygninger, middelalderruiner og teknisk-industrielle kulturminner. Den store og verdifulle bygningsarven som museene forvalter, trenger en stort vedlikeholdsløft. Behovet for vedlikehold her øker i takt med endringen i klimaet.*

### 5 Endringer i klimaet krever ekstraordinære vedlikeholdstiltak for bygningsarven

---

Museene har hundrevis av antikvariske bygninger som krever ekstraordinære vedlikeholdstiltak i forbindelse med at klimaet blir våtere. Alle typer bygninger i tre og mur blir påvirket i negativ retning av et fuktigere klima. Dette krever at både kompetanse på bygningsvernet styrkes og at vedlikeholdsvolumet må økes på museene. De antikvariske bygningene ved museene er viktige referanser for framtida. Sammen med våre handverkere er dette en viktig materiell og immateriell kulturarv som må sikres med økte tilskudd. Museene må få tilført større økonomiske rammer for å øke håndverkerkompetansen og for å utføre vedlikehold på de antikvariske bygninger i museums-samlingene.

I dag faller museumsbygningene mellom mange stoler for å få tilskudd til ekstraordinært vedlikehold. Dette håper vi det blir endringer på. I dag omfatter ordningen med vedlikeholdsmidler til freda bygninger ikke freda bygninger på museene. Kulturminnefondet gir heller ikke tilskudd til museene.

Museene har to typer freda bygninger: tilflyttede, fredete bygninger og fredete bygninger på rot. Sett i lys av det økte behovet for vedlikehold som følge av klimaendringer, er det et skrikende behov for mer midler til slikt vedlikehold også i museene.

Museene i Oppland og Hedmark har erfart at våre antikvariske bygninger blir utsatt for nye skadetyper med endringer fra tørt, stabilt innlandsklima til sterkt vekslende klima gjennom året. Vi har formulert et pilotprosjekt for å komme videre med en systematisk sikring av de verdfulle antikvariske bygningene ved museene.

Vi ser veldig positivt på den store kartleggingen som Norsk Kultrurråd har satt i gang for de antikvariske bygningene ved museene, og tror at dette vil visualisere det store behovet for større tiltak for å berge museums-bygningene. Vårt pilotprosjekt er således et godt tiltak for å komme i gang videre med dette.

*Vi håper at den kommende kulturminnemeldinga ser hvor viktige museenes antikvariske bygninger er, og åpner opp for at staten blir med i sikring av denne kulturarven.*

## **6        Bruk museene til formidling av kulturarven**

---

Når det gjøres arkeologiske funn, blir funnene sjelden formidlet nær det lokalmiljøet som de er funnet. Derfor bør det etableres en arbeidsform som gjør at formidlingen av nye funn blir tilgjengelig hos museene. Museene driver forvaltning av samlinger, forskning og formidling, og det vil bedre samarbeidet lokalt om fylkeskommunenes kulturvern-avdelinger betrakter museene som formidlings-arenaer for arkeologiske funn. Det kan også være formålstjenelig å bruke museenes kompetanse og lokaler også for andre formidlingsformål.

*Den kommende kulturminnemeldinga bør sikre at formidling av arkeologiske funn formidles i samarbeid med lokale museer, for å øke forståelse og interesse for bevaring av arkeologiske funn og den historie de kan formidle.*

## **7        Museenes kompetanse i by- og tettstedsutvikling**

---

Museenes lokalkunnskap er en viktig ressurs i arbeidet med å bygge lokal identitet og tilhørighet. I by- og tettstedsutvikling er museenes kompetanse klare til å bistå i dette arbeidet. Fylkeskommunen bør etablere samarbeidsavtaler og –former som tar i bruk museenes kompetanse i kulturhistorie og formidling. Kulturminner og historiske begivenheter bidrar til å styrke identitet og samhold. Museene har kunnskap som kan utnyttes i tettstedsutvikling.

*Den kommende kulturminnemeldinga bør legge vekt på museenes lokalkunnskap om kulturminner og historie i arbeidet med by- og tettstedsutvikling. Dette kan staten, fylkeskommunene og kommunene benytte i større grad.*

## **8        Ny endra oppgåvefordeling stat/fylkeskommune og samanslåing til større fylke**

---

Den nye regionreformen gir generelt større ansvar for viktige samfunnsoppgaver til fylkeskommunene. Det skjer en sentralisering i de nye fylkeskommunene til administrative sentra og det blir større geografiske områder som skal styres fra de nye sentrene. I arbeidet ute i kommunene kan museene bidra med lokalkunnskap og relevant kompetanse innenfor kulturminner og historie, spesielt innenfor byggeskikk og bygningsvern. Museenes desentraliserte struktur gir bred lokalkunnskap som vil være til

stor nytte for private og offentlige eiere av bygninger. Dette vil være viktige bidrag i forvaltningen av denne kulturarven og vil ofte gjøre nyttig arbeid for fylkeskommunen i slike saker.

Musea kan bli gode og viktige kompetansemiljø med god geografisk dekking i offentlige forvaltningsområde med vår gode lokalkjennskap og kompletterende kompetanse til fylkeskommunane/nasjonal forvaltning.

*Ei ny kulturminnemelding bør framheve at fylkeskommunen skal benytte museenes lokal- og fagkompetanse på relevante fagfelt, ved at fylkeskommunene inngår avtaler med museene om oppgaver.*

## **9 Betre samhandling mellom KUD og KMD for bedre løsninger for kulturminnevernet**

Det er eit sterkt ynskje om ei betre samhandling mellom dei aktuelle departementa innan kulturminnevernet. Størstedelen av musea sorterer under KUD, medan kulturminnevernet i hovudsak sorterer under KMD, ein del aktuelle saker kan ligga under andre departement.

Eit døme: Norsk Kulturråd har nå i 2019 satt i gang ei kartlegging av alle antikvariske bygningar ved musea. Er dette samordna med KRD – museumsbygningar er også kulturminne.... ? Er det kan hende funn frå denne kartlegginga som kan ha interesse for formuleringar i kulturminnemeldinga?

*Med ei ny kulturminnemelding vonar vi at det blir*

- *ei god rolleavklaring forvaltning/andre aktørar*
- *ein heilskapleg og samordna kulturvernpolitikk frå staten si side,*
- *som er vidareført på fylkesnivå*

*og som dekkjer heile kulturminnefeltet med ei betre samordning mellom dei relevante departementa som Klima- og Miljødepartementet, Kulturdepartementet og Samferdselsdepartementet m.fl.*

***Ved å kjenne til det som har vore, kan folk betre forstå si eige samtid  
og gjera betre val for framtida.***

**14. februar 2019**

**Hamar**

**Hundorp**

Sven Inge Sunde

Torveig Dahl

**Anno museum, Lillehammer museum, Valdresmusea, Randsfjordsmuseet,  
Mjøsmuseet og Gudbrandsdalsmusea**